

## **FAU- møte, Skei skule, tysdag 27.september 2022**

**Desse møtte:** Hanne Kjørvik, Heidi Husetuft Flatjord, Ann Kristin Bruland, Anette Dale Natås, Anne Turid Bolset, Camilla Øvrebø, Helene Hauge, Rigmor Heggheim, Eva Årdal for Ellen Bijsterbosch, Anne Leknes Gryte

### **Sak 1**

#### **FAU- representantar/ informasjon**

Annette informerer om nye foreldrerepresentantar for skuleåret 22/23 og går gjennom dei ulike samarbeidsorgana ved Skei skule (informasjon finn ein på Sunnfjord kommune si heimeside). Heidi informerer om kva FAU er og kva rolla til FAU er. FAU er eit lovpålagt organ for foreldre og foreldrerådet arbeider med ulike satsingsområde for å fremje trivsel og læring på skulen. FAU skal og skape eit samhald med mellom skule og heim, og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet. Heidi går gjennom ulike saker som FAU kan arbeide med og kva forventningar FAU har. FAU sitt fokusområde i fjor var uteområdet, og det er enno eit ynskje om at uteområdet held fram som fokusområde.

### **Sak 2**

#### **Nytt FAU- styre**

Heidi Flatjord- leiar

Hanne Kjørvik- nestleiar og sekretær

Anne Leknes Gryte- styremedlem

Heidi Husetuft Flatjord og Hanne Kjørvik sit i SU/SMU (Anne Leknes Gryte og Camilla Øvrebø er vararepresentantar)

### **Sak 3**

#### **Markering av verdsdag psykisk helse 10.oktober**

10.oktober er det foredrag/ stormøte i Førde kinosal. Annette sender ut informasjon til foreldre, i tillegg tile levane i 10.klasse. FAU ynskjer eit storforeldremøte på Skei skule. Annette nemner at politiet skal ha opplegg med 9.klasse om nettbruk og skal høyre med dei om dette er noko som og kan brukast som eit tema på eit eventuelt storforeldremøte.

### **Sak 4**

#### **Rassikring og uteområde**

Klatreparken er endeleg ferdig og svært populær blant dei yngste elevane. Hausten 2022 (innan 3 veke frå dags dato) skal arbeidet med rassikringa starte ved Skei barneskule. Rassikringa må vere ferdig før arbeidet med uteområdet kan starte. Skei barneskule blir eit anleggsområdet og elevane må derfor bli organisert kvar dei skal vere i friminutta. Rassikringa skal vere ferdig i løpet av november 2022, medan uteområdet generelt skal vere

ferdig i løpet av 2023. Det er eit ynskje om at det skal leggst ved skisse av uteområdet saman med dette referatet.

#### **Sak 4**

##### **Ymse**

Neste FAU møte blir tysdag 8.november, klokka 18.00. SMU- møte i veke 43.

Annette går kort gjennom utviklingsplanen og samarbeidet med høgskulen på Vestlandet der fokuset er «vurdering og lærelyst for elevane og korleis skulen kan motivere elevane».

Digital undervisning blir meir vektlagt og skulen har ulike læringsplattformer som elevane bruker. Skulen må bruke det som kommunen godkjenner som Teams og Learnlab. Det er kjøpt inn nye skulebøker i basisfaga 1.- 10.klasse. Inkluderande skulemiljø er eit tema som blir jobba med på skulen, og alle klassar arbeider med dette i form av klasseregler og klassemiljø.

Fredag 4.november er det planleggingsdag for Skei skule.

Leksefrie periodar for elevane på barnetrinnet blir i desember og juni månad. Mellomtrinnet skal og ha nokre leksefrie periodar medan ungdomsskulen har lagt om ein del i høve vekeplan og heimearbeid. Dette blir orientert om på foreldremøta.

Ferie SFO. Elevane må ned til Vassenden for å ha SFO i feriane. Det er ynskje om å sende ut ei kartlegginga til foreldre om det er behov for SFO på Skei i feriane. Annette spelar inn dette til Maria Sture som er leiar for SFO om å sende ut ei visma melding til alle heimane frå 1.- 4.klasse om det er behov for SFO i feriane (sende ut eit spørjeskjema til førskulebarn og).

**Referent: Hanne Kjørvik, nestleiar FAU**